


Til
Offentleg mynde
Eigar og nabo

Stord, 23.06.2021

Varsel om oppstart av planarbeid – ny detaljplan for kysthytte og småbåthamn på gnr. 5 bnr. 72 Sakseid Indre, Planid 202102, Bømlo kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av detaljregulering ny detaljplan for kysthytte og småbåthamn på gnr. 5 bnr. 72 Sakseid Indre, Planid 202102, Bømlo kommune. Prinsippøknad om oppstart vart handsama i utval for areal og samferdsel 02.06.2021. Møteprotokoll og prinsippøknad, samt dette følgjebrevet med vedlegg, finn de på kommunen og ABO sine nettsider.



Utsnitt planavgrensing

Planområdet omfattar og vil erstatte heile reguleringsplan for Havlandet gnr. 5 bnr. 1, samt eit område i Hetlevika som er omfatta av kommuneplanen sin arealdel. Arealet er om lag 295 daa stort. Hovuddelen av planområdet er i kommunal eige, gnr. 5/72. I tillegg er deler av gnr./bnr. 5/1, 5/8, 5/58, 5/59 og 6/1 del av planområdet. Planområdet vil kunne bli redusert til det som er nødvendig å regulere i løpet av planprosessen. Planavgrensinga er synt i vedlagte kartutsnitt, og i figur ovanfor. Digitalt kart (pdf) er tilgjengeleg på nettsida til kommunen eller ABO, sjå neste side for link.

Bakgrunn og føremål

Bergen og Hordaland Turlag har i fleire år jobba for å få ei eller fleire kysthytter i deira omland. Dette er hytter som skal kunne gjera kysten tilgjengeleg for friluftsliv – for alle. Områda og hyttene skal vera tilgjengeleg for overnatting for tilreisande, og kan brukast som næranlegg for fastbuande. Som eit ledd i dette arbeidet vart Bømlo kommune kontakta og prosessen munna ut i lokaliseringa Kråkeneset då ein ser kvalitetar, verdi og potensiale for området. I tillegg er arealet i kommunalt eige og store deler av området

er allerede regulert for utbygging. Samstundes har Bømlo kommune og Finnås båtlag hatt dialog om etablering av småbåthamn innanfor planområdet med bakgrunn i mangel på båtplassar i kommunen. Ønsket frå Båtlaget er ei større båthamn og areal på land for tilhøyrande fasilitetar som felles bod/sanitæranlegg, parkering og båtopptrekk. Moglegheit for samarbeid og samlokalisering med andre lokale lag/foreiningar, som har behov for areal ved sjøen vil også bli drøfta som del av planprosessen. Prosjektgruppa har vurdert ut frå samla tiltak i området, omsyn til Kysthytte-prosjektet, og moglegheit for utnytting av felles infrastruktur, at Hetlevika er best eigna for småbåthamnføremålet. Regulert småbåthamn i Myntevika er ikkje realisert og arealet vil bli gjort om til friluftsrta føremål. Området i Hetlevika er i gjeldande reguleringsplan regulert til m.a. sjøsport og hamneområde i sjø.

For å kunne realisere prosjekta skildra ovanfor er det behov for endring av gjeldande reguleringsplan. Føremålet med planarbeidet er å endre gjeldande reguleringsplan for Havlandet frå kommersielle rekreasjonsføremål knytt til hotell/badeland og utleigehytter til allmenne område for friluftsliv og rekreasjon, her medrekna kysthytter, småbåthamn og friluftsområde. Gjeldande reguleringsplan vart godkjent i 2010. og ingen av tiltaka innanfor planområdet er realisert. Den planlagde utbygginga for badeland og hotell er ikkje lenger aktuelt og tomte er no eigd av Bømlo kommune.

For meir utfyllande informasjon om innhaldet i planen sjå prinsippøknaden som ligg på Bømlo kommune og ABO sine nettsider. <https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/offentlege-hoyringar-aktuelle-saker/> eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Om konsekvensutgreiing

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Kommunen har kome fram til at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing §§ 8 og 10, første ledd bokstav a-d. Sjølv om planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing krev pbl § 4-2 at verknadar av planframlegget vert vurdert. Særleg vil vurderingar knytt til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser leggast vekt på. Strandsonevurderinga skal vera grunnlag for bruk og vern av areal i området.

Merknader

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg:

Innan høringsfristen: **09. september 2021**

Til postadresse: **ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord**

eller e-post: **poststord@abo-ark.no / turid@abo-ark.no**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til kommunen - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut, vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale m/konsekvensutgreiing, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal